



Notat

Dato: 17.10.2018
Arkivsak: 2018/10200-2
Saksbehandlar: torrutl

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Ungdommens fylkesutval
Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Rapport frå elev- og lærlingombodet vår 2018

Elev- og lærlingombodet tok til i stillinga 9. januar 2017, som første elev- og lærlingombod i Hordaland. Dette blir ei løypemelding frå elev- og lærlingombodet til fylkestinget i Hordaland. Meldinga gjeld for tidsrommet januar 2018 - juli 2018, og vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet i denne perioden. Det vart sist avlagt årsrapport frå ombodet for året 2017 i juni 2018. Etter denne løypemeldinga/rapporten for våren 2018 vil det bli avlagt årsrapport som følgjer skuleåret. Neste årsrapport vil leggjast fram for fylkestinget i desember og kan sjåast i samanheng med kvalitetsmeldinga.

Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar, lærlingar og lære kandidatlar (heretter kalla lærlingar) i vidaregåande opplæring i Hordaland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål, informere elevar- og lærlingar om deira retter og plikter, samling/innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å hjelpe den enkelte elev og lærling i saker tilknytt den enkelte skule eller i lærebedrift. Ombodet får gjennom ulike møter, samlingar og førespurnader fleire tilbakemeldingar om vidaregåande opplæring i Hordaland.

Våren 2018 har ombodet arbeidd ut frå stillingsinstruks. I juni 2018 vedtok fylkestinget mandat for elev- og lærlingombodet, samt at ombodet årleg skal rapportere til fylkestinget. I 2017 var stillinga som elev- og lærlingombod lagt til opplæringsavdelinga, seksjon skule. Frå 01.01.18 er elev- og lærlingombodet plassert under fylkesdirektør økonomi og organisasjon.

Vedlegg 1. Løypemelding frå elev- og lærlingombodet vår 2018 - rapport